

Barnehagebruksplan 2024-2028



Trygg og framtidretta
time.kommune.no



Time kommune

| | |
|--|----|
| Innleiing | 4 |
| Status..... | 5 |
| Barnehageanlegg..... | 6 |
| Mangfald..... | 6 |
| Storleik..... | 6 |
| Arealnorm | 7 |
| Arbeidsplassar for personale..... | 7 |
| Lokalisering | 7 |
| Arealplan og framtidige utbyggingar..... | 8 |
| Framskrivning | 10 |
| Barn med deltidsplass | 10 |
| Dekningsgrad for ulike aldersgrupper | 11 |
| Fruktbarheitstal | 11 |
| Fødselstal | 12 |
| Kapasitet i eksisterande barnehagar..... | 13 |
| Buffer for å handtera svingingar i behov for barnehageplassar | 14 |
| Status kapasitet og behov:..... | 15 |
| Utvikling i dei ulike områda | 16 |
| Bryne/Hognestad..... | 16 |
| Lye | 19 |
| Kvernaland..... | 21 |
| Undheim..... | 23 |
| Oppsummering..... | 26 |
| Tilstandsvurdering kommunale barnehagar..... | 27 |
| Plan for vedlikehald | 27 |
| Austbø barnehage..... | 28 |
| Kvernaland barnehage | 29 |
| Lyefjell barnehage | 30 |
| Maurtuå barnehage..... | 31 |
| Monsanut barnehage Monsanut barnehage ligg på toppen av Lyefjell. Bygget er frå 1992. | 32 |
| Trollongane barnehage..... | 33 |
| Vestly idrettsbarnehage..... | 34 |
| Ådalen barnehage..... | 35 |
| Prioritert utbetringstakt kommunale barnehagebygg..... | 36 |

Nasjonale føringar.....37

Innleiing

Barnehagen er ein etablert og viktig samfunnsinstitusjon. Frå nasjonalt hald vert det satsa på kvalitet til det beste for barna. Barnehagen skal ivareta barn og foreldre sine behov, og gje rom for leik, læring, meistring og utfordringar. Dette gjer det nødvendig å leggja til rette for god strukturell kvalitet i alle barnehagar. Bygga må vera fleksible i bruk, og kunna møta endringar i drift.

Regjeringa si målsetting er full barnehagedekning med høg kvalitet til låg pris.

I barnehagelova § 10 står det at «*Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. § 16. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassas lokale forhold og behov*».

«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven og forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har rett til å få plass innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven og forskrifter.»

I desember 2022 vart sak om ulike moglege løysingar på barnehageopptak handsama i Time kommunestyre. Kommunestyret vedtok å innføra ny ordning for opptak, KS-090/22:

*Kommunestyret ynskjer å innføre ny ordning for barnehageopptak basert på alternativ 4 i sak 053/22 der barn født i desember kan søke om plass i barnehage det neste året med oppstart seinast 15. desember. Vedtaket ga ein utvida rett til barn busett i Time kommune, slik at alle barn fødte i same år fekk lik rett i hovudopptaket. Dette vedtaket vart reversert av Kommunestyret i møte 18.06.24 i sak *Kostnadsreducerande tiltak for å redusera kommunen sine driftsutgifter* (KS-050/24), og barn født i desember mista retten til plass i hovudopptaket frå og med 2025.*

Barnehagebruksplanen er kommunen sitt styringsverktøy for å sikra at retten til barnehageplass vert oppfylt, og er grunnlag for avgjersler som gjeld behov for framtidige barnehageplassar, utbygging, nedlegging og lokalisering av barnehagebygg.


I denne planen vert oppdaterte tal og prognosar knytt til barn, kapasitet og dekningsgrad i eksisterande barnehagar i Time presentert. Endringar i tal på innbyggjarar, fødselstal, flyttemønster og bruksmønster gjer at prognosar fort kan endra seg. Det er derfor viktig å ikkje gjera drastiske tiltak for tidleg. Fødselstala har i perioden 2019-2023 vore relativt stabile, med ein topp i 2021. Prognosane syner at kommunen samla vil ha overkapasitet på barnehageplassar dei neste åra.

Barnehagebruksplanen vert utforma for ein periode på 4 år, med revidering kvart 2. år.

Status

Det er stadig pågåande utvikling i barnehagesektoren. Framvekst av nye organiseringsformer og utbygging av større og meir fleksible barnehagebygg er viktige utviklingstrekk. Parallelt med dette er òg barnehagen sitt samfunnsmandat endra, og barnehagen er i dag ein viktig del av utdanningssystemet.

Fram til 2018 la prognosane føringar for vekst i barn i alderen 0-6 år. Dei siste åra viser at talet på brukte barnehageplassar har gått ned i perioden 2015-2020, for så å få ein auke i 2021. I perioden 2021-2023 har talet vore stabilt med små endringar.



Tabell 1 viser tal på brukte barnehageplassar i perioden 2014-2023, kjelde Basil

Ved rapportering i Basil 15. desember 2023 var det 1136 barn som hadde barnehageplass i kommunen, anten ein heiltidsplass eller deltidsplass. Omgjort til heile plassar blir dette 1129. Dette er ein nedgang på 16 barn samanlikna med same rapportering i desember 2022.

Ved årsskifte 2023/24 hadde me 17 barnehagar i kommunen, fordelt på 8 kommunale og 9 private barnehagar. I tillegg har me open barnehage, som er organisert som ei avdeling i Trollongane barnehage.

Endringar frå førre barnehagebruksplan:

- Nyland barnehage vart frå august 2022 permanent lagt ned etter politisk vedtak i samanheng med handsaming av barnehagebruksplan 2022-2026 - KS-039/22

Barnehageanlegg

Planlegging av nye barnehageanlegg skal skje med eit utviklings- og innovasjonsperspektiv. Ein må bygga med utgangspunkt i erfaringar og føringar for barnehagens innhald og pedagogikk. I tillegg må ein ta utgangspunkt i teknologisk og bygningsmessig utvikling, og samfunnsutvikling generelt. Eit nytt barnehageanlegg skal vara i mange tiår, utan store ombyggingsbehov. Det er behov for å utarbeida ein plan som samla beskriv standard på utforming av barnehagebygg og tilhøyrande uteområde i Time kommune. Dette vil ligga som vedlegg til framtidige barnehagebruksplanar.

Barnehagen sitt uteområde bør vera ope for andre brukarar utanom barnehagens opningstid. Dette vil gje ei trygg og tilrettelagt ramme for leik og opphald, primært for småbarnsfamiliar. Ved planlegging av private barnehagar bør ein vurdere å regulera barnehagens uteareal som fellesareal, eller å ha egne avtalar for å sikra allmenn tilgang til barnehagen sitt uteareal.

Barnehagen sitt fellesrom, samt delar av personalrom og møterom er areal i ein barnehage som kan vera eigna til sambruk med andre brukarar. Dersom dette skal gjerast, må det utarbeidast tydelege retningslinjer og føringar for dette.

Mangfald

Det er nasjonale føringar for at kommunane skal leggja til rette for eit mangfald av barnehagar med høg kvalitet. Mangfaldsombegrepet er ikkje klart definert i barnehagelova. Det kan innehalda ulike faktorar som at barnehagane har ulik storleik, ulik pedagogisk profil, livssyn, ulike eigarformer, plassering med meir.

I Time kommune har me eit mangfald av barnehagar; kommunale, private, store og små barnehagar. I kommunen har me barnehagar som har valt å tydeleggjere ulike profiler og nokre som har utvida kristen formålsparagraf. Dette mangfaldet er ein ressurs, og det gir foreldre fleire alternativ å velja mellom når dei skal søka om barnehageplass.

I Time kommune har me ein open barnehage, Brynelunden opne barnehage. Den er lokalisert i lokala til tidlegare Nyland barnehage. Plasseringa er sentral, med kort avstand til kollektiv transport. I open barnehage treng ein ikkje søka om plass. Dette er ein møteplass og arena for nettverksbygging for dei barna som er heime med foreldre eller andre omsorgspersonar på dagtid. Personalet legg til rette for ulike aktivitetar, til dømes samlingsstund, leik, måltid og formingsaktivitetar. Open barnehage har ope 3 dagar i veka. Talet på barn som brukar tilbodet har variert mellom 16-39 barn per dag i 2023. Kommunestyret vedtok i møte 18.06.24 i sak *Kostnadsreducerande tiltak for å redusere kommunen sine driftsutgifter (KS-050/24)* å leggja ned den opne barnehagen. Det vart sett av 300 000 kroner i årlege tilskotsmidlar til ein frivillig aktør for å driva ein møteplass for småbarnsfamiliar, som eit ikkje-pedagogisk alternativ til open barnehage. Brynelunden opne barnehage vert lagt ned så snart eit nytt alternativt tilbod er på plass.

Storleik

Det er ingen nasjonale føringar for storleik på barnehagar. Barnehageeigar står derfor fritt til å bestemma storleik på barnehagane. I Time kommune vert det lagt til grunn at nye barnehagar bør ha ein storleik på rundt 85-150 barn, det vil seia fem til ti barnegrupper. Bakgrunnen for dette er at barnehagar av denne storleiken vil ha eit større fagleg miljø som gir gode moglegheiter for fagleg

utvikling og nytenking. Barnehagar på denne storleiken kan gje grunnlag for robust leing og større fleksibilitet med tanke på økonomi og bruk av personalressursar.

Arealnorm

Det er storleiken på leike- og opphaldsarealet, saman med organisering, bemanningsnorm og pedagognorm, som avgjer kapasiteten til den enkelte barnehage. Time kommune held seg til anbefalt arealnorma gitt i regjeringas [Rettleiar for godkjenning av barnehagar](#), med netto leike- og opphaldsareal på 4 m² per barn over tre år og 5,3 m² per barn under tre år. Leikearealet på uteområdet bør vera omlag seks gonger større enn leike- og opphaldsarealet inne. Kvar barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal som gir ramme for maks tal på barn som kan opphalda seg i barnehagen. I planen vert ledig kapasitet/areal òg omtalt som ledige plassar.

Arbeidsplassar for personale

Det må vera rom og areal til kontorarbeidsplassar for administrasjon, pedagogar og anna personale i barnehagen. Talet på kontorarbeidsplassar vil vera avhengig av tal på tilsette pedagogar og anna personale, samt kor mange avdelingar det er i barnehagen. Arbeidstilsynet har slått fast at krava til kontorplassar for lærarar, er dei same som for andre yrkesgrupper. Det vil seie minst 6 kvadratmeter. Dersom mindre enn seks kvadratmeter skal verta godteke må ei totalvurdering innebera at kontorplassen framleis er fullt forsvarleg og gir plass til gode og varierte arbeidsstillingar og bevegelse.

Barnehagane er ulike i alder og utforming, og tek i vare arbeidsplassar for personale i ulik grad, ut frå kva krav som var gjeldande då bygget vart oppført. Arbeidsplassar for personale i den einskilde kommunale barnehage er omtalt i siste del av Barnehagebruksplan 2024-2028, *Tilstandsvurdering kommunale barnehagar*.

Lokalisering

Det er eit overordna mål å ha ei jamn fordeling av barnehagar i heile kommunen. Det er eit mål å kunna tilby barn barnehageplass i nærområdet, for å avgrensa tidsbruk for barn og foreldre ved levering og henting i barnehagen, og ikkje minst redusera bruk av bil.


Barnehagane bør primært vera lokalisert nær barna sin bustad, sekundært langs viktige vegtrasear for kollektivtrafikk og i tilknytning til arbeidsplassar. Barnehagane bør så langt som mogleg vera lokalisert i tilknytning til offentlege friområde, turområde og idrettsanlegg som kan nyttast av barnehagen. Det bør vera god tilkomst via gang- og sykkelvegnett, og barnehagane bør ikkje liggja direkte i tilknytning til sterkt trafikkerte trafikkårer.

Arealplan og framtidige utbyggingar

Kommuneplanen skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplan Time kommune, 2018-2030- Arealdelen, blei vedteken i kommunestyret juni 2021, medan kommuneplanen sin samfunnsdel blei vedteken september 2022.

Nytt i samfunnsdelen er at den innehar eit kommunalt jordvernmål. Jordvernmålet inneber at krava til rekkefølge når framtidige område kan byggast ut, må bli justerte ved neste revidering av arealdelen. Til dømes skal område som kunne byggast ut etter 2030, no ikkje kunna bli bygd ut før etter 2050.

Planane er viktige grunnlagsdokument for barnehagebruksplanen for å sikra at det er tilstrekkeleg kapasitet på barnehageplassar i kommunen, kunne vurdere eksisterande barnehagar, og for å avdekka framtidig behov for nye barnehagar. For å sikra langsiktig perspektiv må ein òg sjå på, og vurdere konsekvensane av, planlagde utbyggingsområde ut over planperioden der dette ligg føre. I Timeplan 2024- 2027 er det utarbeida ei ny framskrivning som viser prognosar for folkeveksten i tettstadene i Time kommune fram mot 2033.



Tabell 6: Framskrivning av befolkningsvekst i dei ulike tettstadene fram til 2033.

Framskrivninga viser at befolkningsveksten vil vera størst på Bryne og Kvernaland. Tala for Lyefjell og Undheim viser ein mindre auke i folketallet, medan det på Hognestad er ein nedgang i folketal fram mot 2033.

Mål som er sett for kommunen i Arealdelen er "...å skapa eit samfunn som fremmar helse og skapar trivsel for alle innbyggjarane. Gjennom planlegging vil kommunen leggja til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde. Eigne areal- og fortettingsstrategiar for dei ulike tettstadane og for Bryne skal sikra varierte bustadtypar og attraktive bumiljø med sosiale møteplassar, område for lek, rekreasjon og nærfriluftsliv for barn, unge og vaksne."

Vidare blir det lagt vekt på at: "For å kunna ha gode kvardagsliv i byen og tettstadane må mennesket settast i fokus når me skal bu tettare. Innbyggjarane sin kvardag har sitt utspring i heimen. Derfor er det viktig å sjå på kva for bustadar og bumiljø me ønsker å leggja til rette for, plassering av aktivitetar mange nyttar og korleis det er å koma seg til dei ulike målpunkta til fots, med sykkel eller i bil. Det skal leggst vekt på arbeidsplassar, butikkar, friområde, organiserte fritidsaktivitetar, leikeplassar, skule og barnehage."

Strategien i planen er ei fortetting og ei «innan frå og ut»-utvikling på dei ulike tettstadane. For Bryne er det utforma ein eigen kommunedelplan der dette er fastsett. For Kvernelandsområdet viser kommuneplanen fire utbyggingsområde, med moglegheit for transformasjon av tidlegare Kvernelands fabrikk. Lyefjell har ikkje særlege moglegheiter for fortetting, men er planlagt med eitt nytt utbyggingsområde. På lang sikt blir Lyefjell vurdert som eit viktig område for vidare planlysing på Jæren. På Undheim er det godkjente reguleringsplanar som vil kunna dekke behovet for bustadar i planperioden. På Hognestad blir det ikkje lagt til rette for ny utviklingsmoglegheit. Arealdelen presenterer med dette retninga på utviklinga på lang sikt for kommunen. Arealdelen og Timeplan 2024-2027 utgjer eit viktig grunnlag i vurderingane som skal gjerast knytt til utviklinga av barnehagestrukturen framover i tid.


Det nye rekkefølgekravet som er skriva inn i Samfunnsdelen 2022-2034 vil ha konsekvensar for tempo på utbygging. Dette vil måtta bli vurdert ved neste revidering av arealdelen. Ser ein ut over perioden for Kommuneplan Time kommune 2018-2030 for Bryne, kjem det fram av godkjente reguleringsplanar, at det potensielt kan bli stor vekst i Bryne-området.

Framskriving

Framskriving av folkemengda er laga ved bruk av KOMPAS analysemodell. Grunnlaget for framskrivinga er befolkningsmansetninga dei siste seks åra, samt bustadbyggeprogrammet for Time kommune. Behovet for barnehageplassar vil dei neste åra ha stor samanheng med fødselstal og planlagde utbyggingsområde i kommunen. Usikkerheit i arbeidsmarknad og endringar i utbyggingstakt har stor innverknad på når kommunen vil ha behov for å oppretta nye barnehageplassar eller å redusera kapasiteten.

I åra frå 2016 til 2020 har Time kommune redusert talet på brukte barnehageplassar med om lag 100 plassar. I 2021 var det ein auke på 30 barnehageplassar samanlikna med 2020, og dette var uendra i 2022. I 2023 ser me ein nedgang på 16 plassar samanlikna med 2022. Det er knytt usikkerheit til fødselstal, flyttemønster og bustadbygging. Det er viktig at kommunen har fleksibilitet og ledig kapasitet til å kunna handtera endringar.

Barn med deltidsplass



Tabell 2 viser prosent barn som har deltidsplass i barnehagane i perioden 2011 til 2023, kjelde BASIL

Talet på barn som har deltidsplass har vorte redusert sidan 2011. I 2023 har berre 2,7% av barna i barnehagen deltidsplass, det vil sei at dei har ein tre- eller firedagars plass. Denne nedgangen gjer at me får betre utnytting av plassane og betre utnytting knytt til pedagognorm. Dette fordi talet på pedagogar vert rekna ut frå talet på barn, uavhengig av kor stor plass dei nyttar. I framskrivinga som ligg til grunn reknar me med at delen av barn med heiltidsplass vil vera uendra. Fleire av dei private barnehagane har dei siste åra vedtektsfesta at barnehagane berre tilbyr fulltidsplassar.

Dekningsgrad for ulike aldersgrupper

Dekningsgraden er ein viktig faktor ved utrekning av framtidige barnehageplassar.

Dekningsgraden er den forventta prosentsetsatsen av det totale tal på barn som ønsker barnehageplass i dei ulike aldersgruppene. Tala er korrigert i forhold til barn med barnehageplass i Time kommune, men som er busett i andre kommunar. Det same gjeld barn busett i Time kommune som har barnehageplass i anna kommune.

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| 0-åringar | 3,7 % | 0,4 % | 5,3 % | 4,7 % | 7,4 % | 5,5 % | 5,1 % |
| 1-åringar | 67,2 % | 70,0 % | 66,8 % | 70,9 % | 79,0 % | 78,7 % | 84,8 % |
| 2-åringar | 88,8 % | 92,4 % | 93,4 % | 93,5 % | 96,9 % | 93,9 % | 93,8 % |
| 3-5 åringar | 96,6 % | 94,9 % | 95,0 % | 94,2 % | 96,9 % | 96,0 % | 97,7 % |

Tabell 3 viser dekningsgrad i %

Nasjonal ordning med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid ser ut til å ha påverka auke i dekningsgrad for alle aldersgrupper dei siste åra. Auken er størst for 1-åringar, der auken har vore 17,6 prosentpoeng i perioden 2017-2023, og 6,1 prosentpoeng frå 2022 til 2023. Denne auken kan ha samanheng med at Time kommune vedtok at barn fødd i desember fekk rett på plass i hovudopptaket.

Fruktbarheitstal

Tabellen under visar fruktbarheitstal i perioden 2015-2022:


| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Time | 2,00 | | 1,89 | | 1,72 | 1,72 | | 1,70 |
| Rogaland | 1,87 | 1,87 | 1,82 | 1,72 | 1,67 | 1,64 | 1,73 | 1,57 |
| Landet | 1,73 | 1,71 | 1,62 | 1,56 | 1,53 | 1,48 | 1,55 | 1,41 |

Tabell 5: Samla fruktbarheitstal (SFT) for kvinner skildrar gjennomsnittleg tal på levande-fødde barn kvar kvinne kjem til å føda i heile fødedyktige periode (15-49 år), under føresetnad av at fruktbarheitsmønsteret i perioden varar ved, og at dødsfall ikkje førekjem.

I Time er det berekna eit gjennomsnitt på 1,7 barn per kvinne.

Fødselstal

Det er knytt usikkerheit til fødselstal for dei komande åra, og ein har derfor lagt seg på ei moderat linje. Fødselstal er viktige når ein skal prøva å «treffa» på framtidig behov for barnehageplassar. Frå barnet vert født til barnet har rett til plass i barnehage går det mindre enn eitt år. Fødselstala i Time kommune har dei 5 siste åra vist ein variasjon frå 208 til 240 barn. I denne framskrivinga legg vi til grunn 1,71 barn per fertil kvinne i Time kommune. I tabellen under er alle 0-åringar som var busett i kommunen ved utgangen av 2023 medrekna.



Tabell 4 SSB-tal 2020 til 2023. Framskriving 2024-2028

Tabell 4 viser at talet på 0-åringar ikkje vart så høgt som framskrivinga la til grunn i Barnehagebruksplan 2022-2026. I 2023 vart det født 208 barn i Time, og i tillegg var det 7 barn fødd i 2023 som flytta til Time frå andre kommunar. Framskrivinga viser at talet på 0-åringar vil auka til om lag 230 barn i 2028.

Kapasitet og behov

Hovudbiletet er at det er god balanse mellom behov for og tilgjengelege barnehageplassar i eksisterande barnehagar i kommunen, med overkapasitet i einskilde område. Framskrivingsstal per 15. desember 2023 viser totalt sett ein oppgang på om lag 20 barn frå 2023 og dei komande fire åra. Denne framskrivinga baserer seg på fødselstal, flyttemønster og dekningsgrad.

Kapasitet i eksisterande barnehagar

Tabellen under bygger på tal i oppdaterte godkjenningar og gir ei oversikt over alle barnehagane i kommunen, og kor mange barn som var i barnehagane pr 15.des 2023 (kjelde Basil). Ledige plassar betyr at den enkelte barnehage har ledig leike- og opphalds-areal, og i tillegg ser moglegheit for å auka bemanninga i tråd med barnetal og arealnorm. Arealet er eit minimumsareal, og om ein nyttar barnehagane sin kapasitet maksimalt vil dei ha moglegheit til å auka kapasiteten dersom dei aukar bemanninga i tråd med norm. Barnehagane treng å ha litt ledig areal for å kunna tåla naturlege endringar i samansetninga av små og store barn då arealnorm er ulik for små og store barn.

| Barnehage | Sum kapasitet*) | Brukte plassar**) | Ledig areal (omgjort til plassar) | Eigarform |
|---------------------------|-----------------|-------------------|-----------------------------------|-----------|
| Austbø barnehage | 72 | 72 | 0 | kommunal |
| Maurtuå barnehage | 55 | 55 | 0 | kommunal |
| Trollongane barnehage | 97 | 97 | 0 | kommunal |
| Ådalen barnehage | 62 | 62 | 0 | kommunal |
| Kvernaland barnehage | 121 | 106 | 15 | kommunal |
| Vestly idrettsbarnehage | 182 | 116 | 66 | kommunal |
| Lyefjell barnehage | 39 | 39 | 0 | kommunal |
| Monsanut barnehage | 55 | 38 | 17 | kommunal |
| Sum kommunale | 683 | 585 | 98 | |
| Barnehagen i Bryne kyrkje | 20 | 20 | 0 | privat |
| Frøyland barnehage | 93 | 67 | 26 | privat |
| Undheim barnehage | 68 | 62 | 6 | privat |
| Spødarbakken barnehage | 79 | 79 | 0 | privat |
| Sporvongane barnehage | 21 | 21 | 0 | privat |
| Espira Ree barnehage | 100 | 91 | 9 | privat |
| Jærbarnehagen | 78 | 78 | 0 | privat |
| Eivindsholen barnehage | 86 | 82 | 4 | privat |
| Haugland gardsbarnehage | 44 | 44 | 0 | privat |
| Sum private | 589 | 544 | 45 | |
| Sum Time | 1 272 | 1 129 | 143 | |

Tabell 7 viser ledige plassar i den einskilde barnehage og i kommunen samla per 15.desember 2023. Ved restareal har ein berekna ledige plassar ut frå eit snitt på små og store barn (ledig areal/plassar) grunna ulik arealnorm små/store

*)Sum kapasitet tek utgangspunkt i godkjent areal, og organisering sett opp mot bemanningsnorm og pedagognorm per 15.12.23. Talet kan variera ut frå samansetninga på store og små barn som har plass.

**) Brukte plassar er talet på plassar i bruk per 15.12.23, omgjort til heile plassar

For dei kommunale barnehagane er det samla vurdert at ein har ledig kapasitet på 98 barnehageplassar (ledig areal omgjort til plassar), medan det i dei private barnehagane er 45 ledige barnehageplassar samla.

Buffer for å handtera svingingar i behov for barnehageplassar

I den langsiktige planlegginga av kapasitet på barnehageplassar må det settast ein buffer som tar høgd for ulike svingingar og ukjende faktorar. Det vil seie at det bør stå noko unytta areal som kan nyttast dersom det blir behov. Erfaringar tilseier at kommunen bør ha ein buffer på om lag 2% av talet på nytta barnehageplassar. Ut frå BASIL-tal 15. desember 2023 ser ein at kommunen må ha ein buffer på minimum 23 plassar for å kunna tåla naturlege endringar i tal på barn. Dette er ledig kapasitet som kan nyttast dersom behov oppstår. Ein treng denne bufferen fordi talet på barnehagebarn endrar seg raskt. Kommunen må kunna tåla naturlege endringar i fødselstal og flyttemønster samtidig som full barnehagedekning vert oppretthaldt.

Om alle med rett til barnehageplass i Time kommune skulle nytta retten sin ville det per 15. desember 2023 vore behov for 1191 barnehageplassar (100% dekningsgrad). Kapasiteten i dei eksisterande barnehagane er på 1272 heiltidsplassar. Per i dag nyttar me 1129 heiltidsplassar.

Kommunen har plikt til å tilby barnehageplass til alle med rett i hovudopptaket i tråd med vedtekter. I Time kommune er det 8 kommunale og 9 private barnehagar. Gjeldande regelverk medfører at dersom talet på barn går vesentleg ned og det er ledig kapasitet, har kommunen berre styringsrett over kapasitet i dei kommunale barnehagane. Private barnehageeigarar kan sjølv avgjera kor mange plassar dei har tilgjengeleg, og det må tas omsyn til at private barnehagar kan velja å avvikla drifta. Både auke og nedgang i tal på plassar, samt eventuell avvikling av private barnehagar må vera del av den langsiktige planlegginga.

26 barn frå andre kommunar har plass i Time kommune, medan 27 barn busett i Time har barnehageplass i andre kommunar per 15. desember 2023. Desse må me kunne tilby plass om dei søker om barnehageplass i Time, jamfør barnehagelova § 12a. Barnehageplassar i andre kommunar kostar Time kommune meir enn plassar i eigen kommune, og det er derfor eit mål å få så mange som mogleg til å bruka barnehageplass i eigen kommune.

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|------|------|------|------|
| Barn busett i Time med plass i andre kommunar | 37 | 32 | 29 | 27 |
| Barn frå andre kommunar med plass i Time | 19 | 19 | 22 | 26 |

Tabell 8 gir ei oversikt over barn frå Time med plass i andre kommunar og barn frå andre kommunar med plass i Time per 15.12.23


Andre årsaker til at ein har behov for buffer på barnehageplassar kan til dømes vera varierende tal på flyktningar som kjem til kommunen. I 2022/2023 har me gitt tilbod om barnehageplass til 16 barn som kom til kommunen som flyktningar. Time kommune har i 2024 vedtak om å busetta 130 flyktningar, og det er knytt usikkerheit til kor mange av desse som er i alderen 0-5 år.

Per i dag er det overkapasitet på plassar sjølv med 100% dekningsgrad. I denne planen er det derfor ikkje behov for å ta omsyn til storleik på buffer.

Status kapasitet og behov:

For å kunna oppretthalda full barnehagedekning etter dagens prognosar treng ein ikkje auka kapasiteten i perioden. Det vil vera ein overkapasitet på barnehagar samla sett for kommunen i heile perioden. Dei neste åra er det knytt usikkerheit til fødselstal, flyttemønster og bustadbygging, og der er derfor viktig at kommunen har fleksibilitet og ledig kapasitet til å kunna handtera slike endringar. Det er viktig å følgja utviklinga tett fram mot neste barnehagebruksplan.

Erfaringar frå opptak 2024 er at dei aller fleste fekk tilbod om plass i den barnehagen dei hadde på 1. eller 2. val. Det vart sendt ut 248 tilbod, av desse fekk 212 første val, og 12 fekk sitt andre val. 12 av søkarane fekk ikkje plass i nokon av sine prioriterte barnehagar. I hovudsak gjaldt dette i Bryne-området, noko som kan tyda på at det er eit aukande press på kapasitet sentralt på Bryne sett opp mot førre plan.



Tabell 9 viser samla behov sett opp mot bruk per i dag, og samla kapasitet i barnehagane i Time kommune. Auke i kapasitet i 2026 er knytt til planlagd utviding av Barnehagen i Bryne kyrkje.

I følgje framskrivinga vil behovet for plassar vera stabilt fram mot 2025, for så å auka fram mot 2028 kor det er eit noko større behov enn i dag.


Utvikling i dei ulike områda

Det er knytt stor usikkerheit til utvikling i dei ulike områda med bakgrunn i at bruksmønsteret kan variera litt frå bygd og by. I tillegg flyttar barnefamiljar ofte i den perioden dei har barn i alderen 0-6 år. Ein har med bakgrunn i dette valgt å visa trendar i områda og ikkje detaljerte tal. Detaljerte tal er det meir føremålstenleg å sjå på når det gjeld kommunen samla.

Ein har i denne planen valgt å nytta inndeling i 4 områder: Bryne/Hognestad - Lye – Undheim – Kvernaland.

Framstillingane under viser eit behov basert på eit snitt av store og små plassar, sett opp mot faktisk bruk i dag og kapasitet uttrykt i eit snitt av store og små plassar

Bryne/Hognestad



Tabell 10 gir ei oversikt over kapasitet på barnehageplassar i området Bryne, Hognestad. Auke i kapasitet i 2026 er knytt til planlagt utviding av Barnehagen i Bryne kyrkje.

Tabellen viser ei oversikt over barn busett i området Bryne/Hognestad (behov), kor mange plassar som vert nytta, og kor mange ledige barnehageplassar det er. Barnehagane som ligg inne i tabellen er Jærbarnehagen, Maurtuå barnehage, Eivindsholen barnehage, Espira Ree barnehage, Austbø barnehage, Spødarbakken barnehage, Trollongane barnehage, barnehagen i Bryne Kyrkje og Haugland gardsbarnehage. I tillegg er 25% av kapasiteten i Vestly idrettsbarnehage lagt inn. Erfaringstal frå dei to siste åra er at om lag 25% av plassane i denne barnehagen er nytta av barn busett på Bryne. Auke i kapasitet i 2026, vist i tabellen, er knytt til planlagt utviding av barnehagen i Bryne kyrkje.

Tabellen viser at ein i dette området opplever høgare etterspurnad på barnehageplassar enn det behovet skulle tilseia. Dette kan skuldast at plassane vert nytta av barn busett i andre område eller barn frå andre kommunar. Erfaringar frå opptaket 2024 er at 12 av dei som søkte plass i barnehagane som er plassert sentralt på Bryne ikkje fekk tilbod om plass i dei barnehagane dei hadde prioritert. Dette kan skuldast at dei berre hadde søkt i ein barnehage og at den eller dei barnehagane dei hadde søkt ikkje hadde ledig plass. Etter hovudopptaket var det framleis nokre få ledige plassar på Bryne, og dei 12 fekk tilbod om plass i ein av barnehagane som hadde ledig. 4 valde barnehage sentralt på Bryne, og 7 valde Vestly idrettsbarnehage. Det er per i dag aukande press på barnehageplassar sentralt på Bryne, og Vestly idrettsbarnehage må ta av for vekst i dette området.

Planlagt bustadbygging på Stemmen, Svertingstad, «Tunheim hageby» og Vardheia (Brynegarden) gjer at bilete fort kan endra seg. På Bryne er det derfor viktig å sikra barnehageplassar som ligg tilgjengeleg for familiar som er busett i sentrum og nord for sentrum.


I samband med handsaming av sak om Barnehagebruksplan 2022-2026 vart det vedteke eit tilleggspunkt: *Det skal leggjast til rette for fleire barnehageplassar nord for Bryne sentrum – KS-039/22 pkt 2.* I området Vardheia/nord for Bryne sentrum er det per i dag ingen tomter sett av til barnehage. Ved vidare utbygging i dette området bør det setjast av areal på minimum seks mål til framtidig barnehage innan området som nå er regulert til bustadføre mål.

Det eine bygget i tidlegare Nyland barnehage vert i dag nytta til bustad for flyktningar. Dette bygget er eigd av Time kommune, og kan på sikt vurderast nytta til barnehage ved behov for fleire barnehageplassar sentralt på Bryne.

I Svertingstad-området er det avsett tomt til barnehage på 5,5 mål. Tomta er ferdig regulert og eigd av kommunen.

Time Kyrkjelege fellesråd har ønske om å utvida barnehagen ved Bryne Kyrkje. Planane legg opp til at ein del av lokala vert nytta i samdrift med kyrkja. Utbygginga er tenkt å gje ei auke på 30-40 barnehageplassar sentralt på Bryne og i Vardheia-området. Time kyrkjelege fellesråd har sendt inn planane til godkjenning, og desse vil koma til politisk handsaming hausten 2024.


Utviding av barnehagen i Bryne kyrkje vil kunna påverka fordeling av søkarar på Bryne. Per i dag er det ikkje behov for fleire plassar sett opp mot søkartal, dette grunna at det er god kapasitet i Vestly idrettsbarnehage.



Kartet viser kor barnehagane er plassert på Bryne.


Raud prikk er barnehage i Klepp kommune.

Raudt merka felt er tomt avsett til barnehage



Kartet viser kor barnehagen er plassert på Hognestad.

Lye




Tabell 11 gir ei oversikt over kapasitet på barnehageplassar i området Lye

Tabellen viser ei oversikt over barn busett på Lye, kor mange plassar som vert nytta, og kor mange ledige barnehageplassar det er. Barnehagane som ligg inne i oversikta er Sporvongane barnehage, Lyefjell barnehage, Monsanut barnehage og Vestly idrettsbarnehage. I tabellen er 75% av kapasiteten i Vestly idrettsbarnehage lagt inn. Erfaringstal frå dei siste åra viser at om lag 75% av barna som nyttar plass i denne barnehagen er busett på Lye.

Per i dag er det overkapasitet på barnehageplassar på Lye, og dette bildet er likt som ved førre barnehagebruksplan. På Lyefjell ligg det 3 barnehagar; Lyefjell barnehage (kommunal), Monsanut barnehage (kommunal) og Sporvongane barnehage (privat). I tillegg ligg Vestly idrettsbarnehage plassert mellom Lye og Bryne og har barn frå fleire område. Per desember 2023 hadde 85 av barna i Vestly idrettsbarnehage adresse på Lye, 21 av barna adresse på Bryne, og resten frå andre område. Dei ledige plassane på Lye var fordelt på 17 plassar i Monsanut barnehage og 50 plassar i Vestly idrettsbarnehage.


Talet på ledige barnehageplassar på Lye må reduserast. Dette kan gjerast ved å redusera talet på avdelingar i fleire av barnehagane, leggja ned ein av barnehagane eller å slå saman to barnehagar.



Kartet viser kor barnehagane er plassert på Lye.

Det er nokre ledige tomter på toppen av Lye, og det er planlagt framtidig utbygging nordvest for Løberg. Det er her om lag 100 ledige tomter. I *Kommuneplan Time kommune 2018-2030 Arealdelen*, er det lagt inn to nye utbyggingsområde, BF1 og BFL1, som på lang sikt skal bidra til auka byggeaktivitet på Lyefjell.

Kvernaland




Tabell 12 gir ein oversikt over kapasitet på barnehageplassar på Kvernaland

Tabellen viser ei oversikt over barn busett på Kvernaland, kor mange plassar som vert nytta, og kor mange ledige barnehageplassar det er. Barnehagane som ligg inne i oversikta er Kvernaland barnehage, Preg Frøyland barnehage og Ådalen barnehage.

Kvernaland har dei siste åra hatt eit stabilt fødselstal. I dette området nyttar ein færre plassar enn behovet skulle tilseia. Dette kan skuldast at fleire barn frå Time har plass i barnehage i Klepp eller i andre område i kommunen.

I desember 2023 var det 41 ledig plassar i Kvernalandsområdet, fordelt på 15 i Kvernaland barnehage og 26 i Frøyland Preg barnehage. Kapasiteten i eksisterande barnehagar er per i dag god, men behovet for plassar vil i følgje framskrivingar auka fram mot slutten av perioden. Det blir viktig å følgja utviklinga på Kvernaland med tanke på det auka behovet som viser i tabellen.




Kartet viser kor barnehagane er plassert på Kvernaland

Raud prikk er barnehage i Klepp kommune

Kvernaland har to utbyggingsområde som er sett i gang for nye bustader, Frøylandsparken og Frøylandsbekken.


Undheim



Tabell 13 gir ei oversikt over kapasitet på barnehageplassar på Undheim

Tabellen viser ei oversikt over barn busett på Undheim, kor mange plassar som vert nytta, og kor mange ledige barnehageplassar det er. Barnehagen som ligg inne i oversikta er Undheim barnehage.

På Undheim nyttar ein færre barnehageplassar enn behovet skulle tilseia. Barnehagen har per i dag noko ledig areal. Barnehagen på Undheim har ut frå tabellen over ikkje tilstrekkeleg kapasitet til å møte behov sett opp mot utbygging og fødselstal i åra framover. Dersom alle i målgruppa ønsker barnehageplass på Undheim, vil det vera om lag 10 plassar for lite. Erfaring frå dei siste åra er at søkarmassen til Undheim barnehage varierer med mange søkarar eitt år og færre søkarar det neste året. I tillegg er det fleire av barna som er busett på Undheim som nyttar barnehageplass i andre område i Time eller i andre kommunar.




Kartet viser kor barnehagen er plassert på Undheim

Det er planlagt bygging på nokre ledige tomter, samt moglegheit for bygging av leilegheiter i godkjende reguleringsplanar på Undheim.

Kartet viser alle barnehagane i Time kommune.

Tre barnehagar er markert med ein raud sirkel med ein radius på 2 km

To barnehagar i Klepp er synleggjort med raude prikkar.



Oppsummering

Prognosane viser at det vil vera ledig kapasitet på barnehageplassar i heile perioden dersom ein ser på kommunen samla. Det er knytt stor usikkerheit til utviklinga i talet på fødsjar og flyttemønster i åra som kjem. Kommunen har i perioden fram mot 2028 samla sett ikkje behov for nye barnehageplassar.

I området Bryne/Hognestad er det avgrensa kapasitet. Det er liten kapasitet i barnehagane som ligg på Bryne, og Vestly idrettsbarnehage må per i dag ta av for vekst på Bryne. Det vert viktig å sikra moglegheit for fleire barnehageplassar i Vardheia-området ved utbygging her. Lokala til tidlegare Nyland barnehage kan på sikt vurderast nytta til barnehage ved behov. Planlagd utviding av barnehagen i Bryne kyrkje kan bidra til fleire barnehageplassar nord for Bryne sentrum, dersom planane vert godkjend og realisert.

På Lye er det overkapasitet på barnehageplassar, og kapasiteten er i stor grad knytt til Monsanut barnehage og Vestly idrettsbarnehage. Talet på plassar på Lye bør reduserast. Dette kan gjerast anten ved å redusera talet på avdelingar i fleire barnehagar, leggja ned ein barnehage eller ved å slå saman drifta i to barnehagar.

På Kvernaland er det god kapasitet i perioden fram mot 2026. I perioden 2026-2028 visar prognosane at behovet aukar slik at behovet er større enn kapasitet i 2028. Utviklinga på Kvernaland må følgast tett opp i neste barnehagebruksplan i 2026.

På Undheim er det ut frå prognosane eit større behov for barnehageplassar enn det er kapasitet til i heile perioden. Erfaring viser at behovet svingar frå år til år, og at det annakvart år har vore god kapasitet, og annakvart år har ikkje alle som ønska plass fått plass på Undheim.

Tilstandsvurdering kommunale barnehagar

Plan for vedlikehald

[Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger](#) seier mellom anna at lokale og uteområde skal fremja helse, trivsel, lek og læring for alle barn. Det er verksemda sin eigar som har ansvar for at forskrifta vert oppfylt og at nødvendige ressursar vert stilt til rådighet for at krava vert følgt opp.

Verksemda skal ha ein oppdatert og langsiktig vedlikehaldsplan som sikrar at verksemda sine lokale og uteområde vert haldt ved like på ein helsemessig tilfredsstillande måte (*Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar §16*)

Siste del av Barnehagebruksplan 2024-2028 er ein tilstandsrapport for dei kommunale barnehagane som beskriv tilstand på bygga, eventuelle framtidige behov for vedlikehald og utbetringar og moglegheit for å auka kapasitet fram i tid ved behov. I dei private barnehagane er det eigar som har ansvar for plan for vedlikehald av bygg og uteområde, dei er difor ikkje omtalt i planen.

Austbø barnehage

Austbø barnehage ligg like utanfor Bryne sentrum. Barnehagen starta opp i 1976, og vart ombygd og utvida i 2003. I 2023 vart bygget oppgradert med ny administrasjonsfløy.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 72 | 72 | 71 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg: Barnehagen er bygd ut i fleire etappar, siste oppgradering var ny administrasjonsfløy i 2023. Framleis er delar av bygget gammalt med behov for å byta ut nokre vindauge i nær framtid.

Teknisk anlegg i barnehagen er ok. Det er berre elektrisk oppvarming i barnehagen, og av den grunn relativt høgt forbruk av straum. Bygget er ikkje godt tilrettelagt med tanke på å installera grøn energi i form av solceller på taket eller varmepumpe.

Brannteknisk er bygget bra etter ombygging i 2023.

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024:

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|-------------------|-------------------|---------------------|------------------------------------|
| 0 | 0 | 0 | Nye vindauge + oppgradering utebod |
| 0 | 0 | 0 | 200 000,- |

Uteområdet: Det vert gjennomført årleg kontroll av uteområdet, og eventuelle avvik vert fortløpande utbetra. Uteområdet i barnehagen er bra utforma. Ein del utstyr begynner å verta gammalt og slitt, og av den grunn må utstyr verta byta eller fornya for at det skal vera godkjent.

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale er tilfredsstillande. Barnehagen fekk i 2023 nytt påbygg med administrasjonsfløy. Fasilitetar når det gjeld kontor og møterom er gode og tilstrekkelege.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid:

Det ligg ei tomt på om lag 2,6 mål som er i kommunalt eige i tilknytning til barnehagen sitt uteområde. Denne er regulert som friareal, men i Kommuneplanen 2018-2030 omdisponert til «blanda føremål» kor det er tillate med mellom anna felles areal, opphaldsareal ute med meir. Ved eit framtidig behov for fleire barnehageplassar kan ein vurdera moglegheiter for å gjera dette om til barnehageformål ved rullering av kommuneplan.

Kverneland barnehage

Kverneland barnehage ligg sentralt plassert på Kverneland. Bygget er frå 2010.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 121 | 106 | 106 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg: Bygget er 14 år og i god byggmessig tilstand.

Teknisk anlegg er bra med ny installert varmepumpe frå 2023. Det er behov for å byta driftskontrollanlegget, til ein pris på om lag 150.000 kroner. Bygget er i teknisk stand til å kunna installera solcelleanlegg med kapasitet opp mot 200kWp, noko som vil ha ein kostnad på om lag 3 millionar kroner - 2.700' eks mva.

Brannteknisk er bygget i bra stand.

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|-------------------|---|---------------------|-------------------|
| 0 | Solskjerming fellesrom Sikring av dører | Vindu i dører | Vindauge i dører |
| 0 | 200 000,- | 70 000,- | 50 000,- |

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale er tilfredsstillande. Barnehagen har eigen administrasjonsfløy med kontor og møterom tilpassa drifta.

Uteområdet: Det vert gjennomført årleg kontroll av uteområdet, og eventuelle avvik vert fortløpande utbetra. Uteområdet til barnehagen er bra. Store areal ute inneheld treplattingar der det er teikn på råteskader på grunn av dårleg drenering. Det er tydelege teikn til råteskader også på barnehagens leikehytter.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid:

Barnehagen har ledig kapasitet på 15 plassar.

Lyefjell barnehage

Lyefjell barnehage ligg sentralt plassert på Lye ved barneskule og idrettshall. Bygget er frå 1984.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 39 | 39 | 35 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg: Bygget er snart 40 år, men i relativt god stand alderen tatt i betraktning. Det er gjort nokre mindre oppgraderingar/forbetringar gjennom åra, mellom anna ein renovering i 2008/2009. Det er behov for å byta ut vindauge og delar av utvendig kledning i nær framtid. Delar av bygget har fått ny kledning våren 2024.

Teknisk anlegg er frå byggåret og bør skiftast ut i nær framtid. Dette har ein kostnad på om lag 700.000 kroner. Bygget har relativt høgt straumforbruk. Det må vurderast å kopla styring av varmeomnane til det sentrale driftskontollanlegget, for å få til ei betre styring av straumforbruket. Takvinkel og skyggeforhold gjer at bygget ikkje er særst eigna til å montera solceller.

Brannteknisk manglar bygget revidering av brannkonsept for å få oversikt over feil og manglar som må rettast med tanke på dagens standard.

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024:

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|--|--------------------------|------------------------------|------------------------|
| Solskjerming, skyvedør, div maling og utbetra garderober | Solskjerming, skifte dør | Nytt gulv, maling og vinduer | Vinduer + solskjerming |
| 50 000,- | 60 000,- | 150 000,- | 100 000,- |

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale: Det er gjort nokre tilpassingar og utvida med noko areal for å få to arbeidsplassar på kontoret. Dei tilsette har vore gode å finna løysingar ved å nytta delar av pauserom, møterom og kontor til ekstra arbeidsplassar for pedagogiske leiarar. Barnehagen må oppgraderast med tanke på betre arbeidsforhold for dei tilsette.

Uteområdet: Det vert gjennomført årleg kontroll av uteområdet, og eventuelle avvik vert fortløpande utbetra. Det er ein del gammalt utstyr på uteområde, og det burde vore meir fast dekke rundt leikeutstyret.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid:

Det er ikkje moglegheit for å utvida uteområdet og på den måten auka talet på barnehageplassar med mindre deler av friområdet sør for barnehagen vert omdisponert. I dag vert kjellaren i bygget nytta av fritidsklubb 2 kveldar i veka. I dag vert kjellaren i bygget nytta av fritidsklubb 2 kveldar i veka. Dersom det er tilstrekkeleg areal til uteområdet kan dette vurderast omdisponert til barnehagedrift.

Maurtua barnehage

Maurtua barnehage ligg litt utanfor sentrum av Bryne. Bygget er frå 1992.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 55 | 55 | 53 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg: Byggteknisk er dette bygget i god stand og det er ikkje behov for større rehabilitering, verken ute eller inne.

Teknisk anlegg er ok, men energibruken baserer seg berre på direkte elektrisk oppvarming både av bygg og i ventilasjonsanlegg. Bygget har derfor relativt høgt forbruk av straum. Forholda ligg ikkje til rette for å montera solceller, då det ikkje vil vera særst effektivt på dette bygget.

Brannteknisk så manglar det ei revidering av brannkonsept for få oversikt over feil og manglar som må rettast opp med tanke på dagens standard.

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|-------------------|-------------------|---------------------|--|
| 0 | 0 | 0 | Takoverbygg til soveskur + lydtettdør til kontor |
| 0 | 0 | 0 | 110 000,- |

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale er ikkje oppgradert etter at barnehagen vart bygd. Dei tilsette har vore gode å finna løysingar ved å nytta romma i barnehagen fleksibelt for å løysa behovet for møterom og arbeidsplassar for pedagogiske leiarar. Barnehagen må oppgraderast med tanke på betre arbeidsforhold for dei tilsette.

Uteområdet: Det vert gjennomført årleg kontroll av uteområdet, og eventuelle avvik vert fortløpande utbetra. Tilstand på uteområdet er meget bra.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid: Det ligg tomt som er i kommunalt eige i tilknytning til barnehagen sitt uteområde, mot «Ungdom-skogen» i nord. Denne er regulert som friareal. Ved eit framtidig behov for fleire barnehageplassar kan ein vurdera moglegheit for å gjera dette om til barnehageformål ved rullering av kommuneplan.

Monsanut barnehage

Monsanut barnehage ligg på toppen av Lyefjell. Bygget er frå 1992.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 55 | 39 | 29 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg: Bygget er i relativt god stand alder tatt i betraktning. Det er gjort diverse mindre moderniseringar gjennom åra. Det behov for å byta vindaug og noko utvendig kledning i nær framtid.

Teknisk anlegg er frå byggåret og bør skiftast ut i nær framtid. Dette har ein kostnad på om lag 700.000 kroner. Bygget har eit relativt høgt forbruk av straum. Det er gode moglegheiter for å montera grøn energi her ved å setta solcelleanlegg på taket. Dette vil ha ein kostnad på om lag 1,3 millionar kroner.

Brannteknisk manglar bygget revidering av brannkonsept for få oversikt over feil og manglar som må rettast opp med tanke på dagens standard.

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|--|-------------------|-----------------------------|-------------------|
| Klemsikring av dørar og vindaug i innvendige dørar | 0 | Nye vinduer og solskjerming | Solskjerming |
| 50 000,- | 0 | 100 000,- | 80 000,- |

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale er ikkje oppgradert etter at barnehagen vart bygd. Det har vore ledig kapasitet i barnehagen dei siste åra, og dei tilsette har vore gode å finna løysingar ved å nytta ledig areal, møterom og kontor til arbeidsplassar for pedagogiske leiarar. Ved full barnehage vil dette ikkje vera mogleg, og det er berre pauserom som kan nyttast til møter. Barnehagen må oppgraderast med tanke på betre arbeidsforhold for dei tilsette.

Uteområdet: Det vert gjennomført årleg kontroll av uteområdet, og eventuelle avvik vert fortløpande utbetra. Uteområdet er i bra stand. Det er råteskader på leikehyttene som må utbetrast i nær framtid.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid:

Det ligg ei tomt på om lag 3 mål som er i kommunalt eige, i tilknytning til barnehagen sitt uteområde. Denne er regulert som friareal. Ved eit framtidig behov for fleire barnehageplassar kan ein vurdera moglegheit for å gjera dette om til barnehageformål ved rullering av kommuneplan.

Trollongane barnehage

Trollongane barnehage ligg sentralt på Bryne. Bygget er frå 2019.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 97 | 97 | 95 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg: Bygget er i god bygningsteknisk stand.

Teknisk anlegg er i god stand. Det er potensiale til å montera solceller for produksjon av grøn energi med ein kapasitet opp til 75 kwp. Dette har ein kostnad på om lag 1,7 millionar kroner.

Brannteknisk er bygget i god stand

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024:

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|-------------------|-------------------|---------------------|---------------------|
| 0 | 0 | 0 | Automatisk dørøpnar |
| 0 | 0 | 0 | 30 000,- |

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale er tilfredsstillande. Det er eigen administrasjonsfløy med kontor og møterom tilpassa drifta.

Uteområdet: Det vert gjennomført årleg kontroll av uteområdet, og eventuelle avvik vert fortløpande utbetra. Uteområdet er bra, og i god stand.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid: Det er ikkje tilgjengeleg areal i tilknytning til barnehagen sitt uteområde.

Vestly idrettsbarnehage

Vestly idrettsbarnehage er plassert i landlege omgjevnader på Vestly. Bygget er frå 2014.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 182 | 116 | 119 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg er god.

Teknisk anlegg er i god stand. Det er moglegheit for å gjera mindre justeringar på dei tekniske anlegga som kan vera med å redusera energiforbruket . Bygget er eigna til å montera på solcelleanlegg for å produsera grøn energi. Eit anlegg av størrelse opp til 450 kwp vil ha ein kostnad på rundt 9 millionar kroner.

Brannteknisk er bygget i god stand

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|-------------------|-------------------|---------------------|-------------------------------------|
| 0 | 0 | 0 | Oppgradering leikeapparat innandørs |
| 0 | 0 | 0 | 80 000,- |

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale er tilfredsstillande. Det er eigen administrasjonsfløy med kontor og møterom tilpassa drifta.

Uteområdet: Det vert gjennomført årleg kontroll av uteområdet, og eventuelle avvik vert fortløpande utbetra. Tilstand på uteområdet er bra. Portane til uteområde er slitne og ein bør vurderer å skifta dei ut med nye.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid: Barnehagen har ledig kapasitet på 66 plassar

Ådalen barnehage

Ådalen barnehage ligg sentralt plassert på Kverneland, nær idrettsanlegget til Frøyland idrettslag. Bygget er frå 1996.

Kapasitet:

| Maks kapasitet i barnehagen | Plassar i bruk 15.12.23 | Plassar i bruk haust 2024 |
|-----------------------------|-------------------------|---------------------------|
| 62 | 62 | 58 |

Talet på plassar i bruk vil kunna variera med nokre få plassar opp eller ned ut frå fordelinga av små/store barn. Det er ulik areal-, pedagog- og bemanningsnorm for barn 0-3 år og barn 3-5 år.

Tilstand på bygg Det er gjort nokre mindre oppgraderingar i bygget dei siste åra. Dette er likevel eit bygg det er behov for å gjera større rehabilitering på. Det er behov for både innvendig og utvendig rehabilitering. Det er ikkje gjort ei grundig gjennomgang om omfang.

Teknisk anlegg er frå byggjeår og det baserer seg berre på elektrisk oppvarming både på romnivå og i ventilasjonsanlegg. Ventilasjonsanlegget har kryssvarmevekslar og er frå byggjeår. Dette bør skiftast ut. Det vil ha ein kostnad på om lag 700.000 kroner. Energiøkonomisk er bygget dårleg med tanke på høgt forbruk av straum. Bygget kan vera eigna for solceller med kapasitet opp mot 120kWp til ein kostnad på 2,7 millionar kroner.

Brannteknisk manglar det ei revidering av brannkonsept for få oversikt over feil og manglar som må rettast opp med tanke på dagens standard. Dette må eventuelt verta gjort uavhengig av om det blir rehabilitering av bygget.

Tiltak i mindre ombyggingar i perioden 2021-2024:

| 2021 - ULK-004/21 | 2022 - ULK-007/22 | 2023 - ULK-008/23 V | 2024 - ULK-011/24 |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|
| Skifte vindauge, male avdeling og utbetre garderobar | Resterande oppgradering | Behov for større tiltak | Behov for større tiltak |
| 370 000,- | 250 000,- | | |

Arbeidsplassar for administrasjon og øvrig personale er utbetra i 2020 ved at alle pedagogane fekk oppgradert arbeidsplassar og arbeidsrom med god plass og belysning. Det er berre eitt møterom i barnehagen som óg er pauserom for personalet. Barnehagen må verta oppgradert med tanke på betre kapasitet på møterom.

Uteområde Tilstand på uteområdet er bra, med mange naturlege «leikestativ» som til dømes tre, haugar og pil-tunell. Der er gjort nokre små oppgraderingar i 2023. Uteområde har lite leikeutstyr og det bør gjerast ytterlegare oppgradering.

Moglegheit for å auka kapasitet ved behov fram i tid:

Det ligg ei tomt som er i kommunalt eige i tilknytning til barnehagen sitt uteområde. Denne er regulert som friareal. Ved eit framtidig behov for fleire barnehageplassar kan ein vurdere moglegheiter for å gjera dette om til barnehageformål ved rullering av kommuneplan.

Prioritert utbetringstakt kommunale barnehagebygg

Oppsummert viser tilstanden på barnehagebygga at det må gjerast ei prioritering for oppgradering av nokre av barnehagane i komande økonomiplanar. Dersom ein ikkje endrar på barnehagestrukturen blir det tilrådd følgande rekkefølge ut frå tilstandsvurderinga:

1. Ådalen barnehage
2. Lyefjell barnehage
3. Monsanut barnehage
4. Maurtuå barnehage

Nasjonale føringar

Barnehagebruksplanen må bygga på lov og regelverk, og ta eventuelle nye reglar inn i planlegging av nye barnehageanlegg.

Barnehageanleggene skal planlegges, bygges og drives ut fra gjeldende lovverk med tilhørende forskrifter. Sentralt står Lov om barnehager og Rammeplanen for barnehagens innhold og Oppgaver.

[Lov om barnehager \(Barnehageloven\)](#) regulerer barnehagens formål og innhold, og er den øverste rettsregelen som barnehagene i Norge styres etter. Den omhandler krav om godkjenning, krav om bemanning, samordnet opptaksprosess, barn og foreldres rett til medvirkning, ulike samarbeidsfora, og regler for hvilke oppgaver som tilligger barnehageeier og barnehagemyndighet.

[Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver](#) gir styrer, pedagogiske ledere og det øvrige personalet en forpliktende ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagens virksomhet. Rammeplanen gir også informasjon til foreldre, eier og tilsynsmyndighet.

Rammeplanen understreker barnehagens særegenhet som pedagogisk virksomhet, og skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Det bør i planleggingen av nye barnehageanlegg tenkes gjennom hvordan man på en best mulig måte kan tilrettelegge bygget for dette. Barn leker og lærer med hele seg og gjennom alle sine sanser både ute og inne. Det er viktig å se fagområdene som en helhet, og ikke fragmentert.

[Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger](#) med [veiledere](#), inneholder krav til det fysiske og sosiale miljøet, og til blant annet ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjoner og klage. Forskrifta stiller funksjonskrav for barnas fysiske arbeidsmiljø, og skal bidra til at miljøet i barnehager og skoler fremmer helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold for barn, samt forebygger sykdom og skade. Forskrift forutsetter at det enkelte barnehageanlegg skal godkjennes, også etter eventuelle større endringer.

Kunnskapsdepartementet har utarbeida [Rettleiar for godkjenning av barnehagar](#). Denne ligg til grunn for utforming av barnehageanlegg.

[Arbeidsmiljøloven](#) med tilhørende forskrifter angir bestemmelser for de ansattes fysiske og psykiske arbeidsmiljø Dette gjelder blant annet arbeidsplasser for barnehagelærere, kontorforholdene for øvrige ansatte, samt andre personalfasiliteter i anlegget. Ved bygging av nye barnehageanlegg er det viktig at en legger til grunn de retningslinjer som loven og tilhørende forskrifter legger opp til. Arbeidstilsynet både godkjenner og fører tilsyn med at loven etterfølges.

Andre relevante føringar knytt til fysisk arbeidsmiljø og kontorarbeidsplassar: [Krav til fysisk arbeidsmiljø i barnehager \(arbeidstilsynet.no\)](#) , [Arealkrav til kontorarbeidsplasser \(arbeidstilsynet.no\)](#)

[Lov om folkehelsearbeid \(Folkehelseloven\)](#) trådte i kraft 1. januar 2012. Formålet med denne er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller.

Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse. Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter iverksetter tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

[Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#) med tilhørende byggeforskrift inneholder omfattende krav til det fysiske miljøet. Lovverket kommer spesielt til anvendelse i sammenheng med planlegging og oppføring av nye barnehagebygg og rehabilitering av eksisterende bygg. Loven gir også sterke føringer for universell utforming.

[Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. \(Matloven\)](#) stiller krav til utstyr, utforming og drift av lokaler der det produseres, tilberedes og oppbevares mat.

[Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne \(diskriminerings- og tilgjengelighetsloven\)](#) stiller krav om at alle arealer, både ute og inne skal være tilgjengelig for alle mennesker uansett funksjonsevne uten at man føler seg diskriminert. Ifølge loven skal offentlig og privat virksomhet som er rettet mot allmennheten, arbeide aktivt og målrettet for å fremme universell utforming innenfor virksomheten. Loven omfatter barnehagens plikter til å sikre universell utforming i tråd med loven. Det er utarbeidet et eget [prosjekteringsverktøy for universell utforming](#).

Veileder om [Hvordan forebygge alvorlige hendelser i barnehage og skole](#) fra Utdanningsdirektoratet legger til grunn at trygge læringsmiljøer i barnehagene er basert på en fysisk og teknisk "trygghetsprofil" relatert til utforming av nye barnehager. Den nevnte veileder har hovedfokus på ulike planer og tiltak for beredskap og krisehåndtering i barnehager og utdanningsinstitusjoner, som har betydning for både fysisk utforming og rutiner i driften.